

---

**Fra:** geir@humorbonden.no  
**Sendt:** tirsdag 15. oktober 2019 19:31  
**Til:** Hogne Haugsdal; Postmottak Lindås  
**Kopi:** Ordførar Lindås  
**Emne:** SV: Stadfesting av tildelte midlar til fortau Apalen/ Hillesvåg, frå Infrastrukturfondet. Att: Assisterande Rådmann Hogne Haugsdal

Takkar så mykje for raskt var, det er det alltid kjekt å oppleve.

Ja, det er ein ting som er uklart for meg, og det er ordet «inntil» 4 mill.  
Det kan eg ikkje gå i banken med, då det per definisjon inneheld risiko.

Har du forslag til løysing? Eller ser du annleis på det?

Geir

---

**Fra:** Hogne Haugsdal <[Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no](mailto:Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no)>  
**Sendt:** tirsdag 15. oktober 2019 09:51  
**Til:** Geir Styve <[geir@humorbonden.no](mailto:geir@humorbonden.no)>; Postmottak Lindås <[Postmottak@lindas.kommune.no](mailto:Postmottak@lindas.kommune.no)>  
**Kopi:** Ordførar Lindås <[ordforar@lindas.kommune.no](mailto:ordforar@lindas.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Stadfesting av tildelte midlar til fortau Apalen/ Hillesvåg, frå Infrastrukturfondet. Att:  
Assisterande Rådmann Hogne Haugsdal

Hei,

I samband med handsaming av 1. kvartalsrapport (sak 41/19) gjorde kommunestyre i Lindås følgjande vedtak knytt til tilskot for å oppfylle rekjkjefølgjekrav for Apalen/Hjelmåsen bustadfelt:

- *Det vert sett av inntil kr. 4 mill. som tilskot til å oppfylle rekjkjefølgjekrav om trafikksikring som t.d. fortau på FV 391 i samband med utlegging Apalen/Hjelmåsen bustadfelt. Før midlane vert utbetalt må det føreligge ein gjennomføringsavtale mellom veigeigar og utbyggjar, og tiltaket må vera utført i henhold til avtale/plan. Midlene tas frå infrastrukturfondet.*

Dette betyr konkret at Lindås kommune kan bidra med inntil kr 4 mill i tilskot for å oppfylle rekjkjefølgjekrava. Før kommunen kan betale ut tilskot må vi ha dokumentasjon på at det ligg føre godkjent gjennomføringsplan mellom utbyggjar og Statens vegvesen, i tillegg må vi ha dokumentasjon på at tiltaka i gjennomføringsplanen er gjennomført i samsvar med planen.

Det er kommunestyrevedtaket i sak 41/19 som er bindande dokumentasjon frå kommunen.

Ta kontakt om noko er uklart.

**Hogne Haugsdal** | Ass. rådmann

E-post: [hogne.haugsdal@lindas.kommune.no](mailto:hogne.haugsdal@lindas.kommune.no) |  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE

---

**Fra:** Geir Styve [<mailto:geir@humorbonden.no>]

**Sendt:** 14. oktober 2019 07:09

**Til:** Postmottak Lindås

**Kopi:** Hogne Haugsdal; Ordførar Lindås

**Emne:** Stadfesting av tildelte midlar til fortau Apalen/ Hillesvåg, frå Infrastrukturfondet. Att:  
Assisterande Rådmann Hogne Haugsdal

Hei, Ordføraren har vist til deg for vidare samarbeid i denne saka

Apalen Sør A/S og Hjelmåsen A/S er snart framme ved det punkt at vi skal inngå gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen om bygging av fortau på strekninga.

I samband med dette må vi ha ein finansieringsplan som banken kan gå med på. Totalkostnad ser ut til å vere om lag 10.mill kr, bygd på kalkyler. Tilbod er ikkje innhenta enno

Lindås kommune har gjort vedtak om at infrastrukturfondet deltek med inntil 4 mill kr.

Det vi treng er eit bindande dokument frå Lindås kommune som banken kan leggje til grunn i si sakshandsaming, der vi er garantert at kommunen bidreg med 4.0 mill kr.

Vonar du kan hjelpe til med å få dette på plass.

Geir Styve